

## **Uttale frå Alver kulturråd: *Kultur som drivkraft***

Alver kommune har lagt ut kommunedelplanen *Kultur som drivkraft* til offentlig høyring med frist 11.04.23. Alver kulturråd ønskjer med dette å gje sine synspunkt på plandokumentet.

### **Generelt**

Alver kulturråd ser dokumentet som ein svært ambisiøs plan der ein går breitt ut i kulturfeltet og fangar svært mange aspekt rundt dette, rett nok utan konkrete løysingar og lovnader.

Planen er fint utforma, er omfattande, ambisiøs og peikar ut tydelege mål på dei fleste av områda som ligg under kultur, idrett og det frivillige feltet. Det er på mange måtar eit imponerende arbeid med innhenting av kunnskapsgrunnlag som ligg bak planen, og det er ein god samanheng mellom måla i samfunnsdelen av kommuneplanen og dei måla som er peika ut i denne kommunedelplanen. Planperioden er tydeleg avgrensa, og planen er konkret på den måten at ein samla sett vil skapa endring i løpet av perioden, endring som skal/kan målast.

Ein plan som denne er sjølv sagt berre ein overordna plan, og gjev såleis først meining når den fungerer i samspel med meir underordna og detaljerte planar som vert nytta til oppfølging og gjennomføring av prosessar og aktivitetar.

### **Nokre hovudpunkt for Alver kulturråd**

- Hovudkonklusjon: Vi treng regionalt kulturhus i Knarvik no, arealfesta i kommuneplanen i år (2023).
- Vi må heva nivået generelt på kulturaktivitetane i Nordhordland.
- Det betyr at kulturbudsjettet må aukast og tilskota til lag og organisasjonar generelt må koma på eit drivverdig nivå, spesielt til aktørar som ynskjer å satsa på høg kvalitet.

Under *hovudfunn* kjem det fram at Alver skårar lågt på tilgjengelegheit. Vi har ikkje nokon scene som kan hysa teateroppsetjingar, store orkester, dans osv., eller større arrangement som landsmøte i store organisasjonar. Vi har ikkje nokon plass vi kan gå ut slik som dei har i bydelar i Bergen og på Voss, i Hardanger og Os, og som kan fungera som eit kraftsenter for kultur i Alver, og der kulturskule, bibliotek, kino, kulturadministrasjon, frivilligsentral m.a. er samla. Profesjonelle oppsetjingar passerer Nordhordland fordi vi ikkje har eigna lokalitetar.

Publikum er vande med profesjonalitet i det dei vil oppleva. Brassmiljøet fungerer bra og har sett dagsorden, men innanfor alle andre kulturytringar kan ambisjonane og kvalitetskrava aukast. Blandinga av profesjonelle aktørar og amatørar er med på å heva nivået i Alver.

Planen understrekar det viktige i frivillig arbeid og samspelet mellom kommunen og frivilligsektoren. Det er ei god erkjenning å arbeida vidare med.

### **Bakgrunn for planen**

Alver er den avgjort største kommunen i Nordhordland, og det som skjer på kulturområdet i Alver, verkar inn på kulturlivet i dei andre kommunane. Samstundes er ikkje Alver som kommune identisk med Nordhordland som region, og dette kunne vore tydelegare tematisert. Det er grunn til å tru at fleire av dei tendensane som er kartlagde for Alver, gjeld heile regionen: manglande deltaking, store geografiske avstandar, underforbruk av kulturtilbod osv.

Det er interessant å lesa om bruken av store tal at dei viser at Nordhordland skil seg negativt ut med andre delar av fylket på fleire parameterar. Dette har kanskje lange historiske røter og kan dels forklarast med at Nordhordland ligg (for) tett inntil byen Bergen. Å byggja opp ein tydeleg kulturell og distinkt identitet for Alver er viktig for heile Nordhordland. Ein kulturplan for Alver kunne altså ha peika ut ei tydelegare retning for samarbeidet med heile regionen.

Spørsmålet om regionmuseum er eit viktig døme på dette. Ein kan ikkje tenkja i retning av eit museum berre for Alver, det må vera for regionen. Same tenking gjeld det regionale kulturhuset i Knarvik, det må tena heile regionen.

- For Alver kulturråd er det særleg viktig at planen er tydeleg på nokre av arbeidsmåla til Alver kulturråd, slik som det regionale kulturhuset i Knarvik.

Planen må ikkje bli lagd vekk, men bli forpliktande og realisert. Alt for mange kommunale planar held liv i byråkratiet, men det finst lite midlar til gjennomføring av tiltak. Med kulturlova som bakteppe blir kommunane gitt i oppdrag å satsa på kvalitet, deltaking, profesjonalitet og informasjon. Dette set store krav til mellom anna undervisning og bibliotek, til at flest mogleg skal delta i ulike aktivitetar, at ein skal streva etter eit høgt nivå på aktivitetar og gjerne blanda amatørar og profesjonelle i ulike kultursamanhengar.

### **Kva skal vi oppnå med planen**

Høge ambisjonar er viktig, og vi meiner det er særst viktig at regionalt kulturhus vert løfta fram som eit av dei store tiltaka.

Å få til eit breiare og meir differensiert tilbod innanfor både kultur og idrett vil bli viktig for barnefamiljar som skal velja å busetja seg i Alver kommune når dei vurderer tilboda opp mot andre kommunar. Folkehelse handlar òg om nettopp å ha tilbod som kan femna om alle, uansett alder og funksjon. Å ha kulturhus og badeanlegg i Knarvik vil sikra at ein vel å dra til regionsenteret framfor å dra til Åsane eller Bergen for opplevingar. Tilgjengelegheit til tilboda og oppfyljing av berekraftsmål for klima vil vera avhengig av at ein byggjer opp gode transporttilbod (les kollektive tilbod) som ein kan nytta heile dagen og på kveldstid.

Alver kulturråd viser elles til s. 9 i planen, der vi i samband med siste avsnitt ønskjer denne teksten fletta inn:

- «Samarbeid mellom kommunen, Alver idrettsråd og Alver kulturråd er avgjerande for god og heilskapleg utvikling av Alver.»

### **Friluftsliv**

Tilgang på natur og rekreasjonsområde nær heimen har mykje å seia for kor fysisk aktive me er. Mange av dei tilrettelagde turløypene er mykje brukte, og dette fører til stor slitasje. Planen burde innehalda ei oversikt over turløypene og kven som har ansvaret for vedlikehald av desse.

### **Musikk**

Alver kommune må ha eit allsidig musikkliv for alle generasjonar og innanfor mange ulike sjangrar. Distriktsmusikarstilling bør opprettast innanfor immateriell kulturarv, ei stilling som inneheld undervisningsdel, arkivarbeid og utøvande verksemd. Dette er grunna i at immateriell opplæring og vidareføring alt for lenge har vore overlata til privatpersonar og private initiativ. Skal ein kunne gjenoppta ein immateriell klingande kulturarv på eit medvite fungerande nivå i Alver, må opplæring og vidareføring setjast inn i ordna og forpliktande former.

Den immaterielle klingande kulturen i Nordhordland har ikkje oppnådd same status og merksemd som andre uttrykksformer. Likevel er denne musikkforma den som er mest særeigen for Alver kommune, og derfor bør den vera eit satsingsområde.

### **Kulturarenaer og kulturhus**

Mange lag og organisasjonar har ikkje eigne lokale. Dersom kultur og frivillige organisasjonar kan ha felles hus, vil det kunne gje gode tilhøve for samarbeid og utvikling av spanande og nytenkjande prosjekt og tilbod på tvers av ulike aktivitetar.

- Til side 19, Arenaer for kultur: Alver kulturråd meiner at det må avsetjast areal til kulturhus i Knarvik hausten 2023.

Avklaringa av tomt må stå tydeleg i planteksten, og i handlingsprogrammet må dette konkretiserast til å skje raskt. Det hastar med å få starta realiseringa av ei storstove som kan samla aktivitetar og byggja Alver kommune og Nordhordland som eit synleg fyrtårn for kultur og idrett. Difor vil Alver kulturråd ha kulturhuset i nærleik til vidaregåande skule, idrett og bading og i tillegg gangavstand til senter og kollektivtransport.

- Vi støttar elles at gamle Alversund skule skal få hysa lag og organisasjonar.

## **Kunst**

Den generelle omtalen i planen beskriv godt kvifor kunst er viktig og kva samfunnsrolle kunsten har. Å sikra frie ytringar er eit viktig punkt her. At fri kunst stiller viktige spørsmål til aktuelle tema i samfunnet, og difor er viktig for å få nye perspektiv og engasjement, er svært viktig. Historia er full av eksempel der nettopp kunst vert ein trussel for regime og andre maktinstitusjonar. Kunstnarar har vore og vert framleis fengsla og kunstverka øydelagt for å stoppa open debatt og fjerna demokratiske verdier.

Det er få visuelle kunstnarar som bur i Alver, og arenaer for verkstad og produksjon og utstillingsrom er òg få. Aktivitetar og prosjekt er ikkje knytte i samanheng, men oppstår i ulike miljø som har interesse for kunst. Dette er sjølv sagt bra, og eit viktig arbeid, men ikkje nok.

Når det gjeld å utvikla kunstfeltet og visuell utsmykking av det offentlege rom, meiner Alver kulturråd at det må lagast ein strategi for kunst i Alver og at dette må prioriterast. Når ein har ein strategi for kunst, kan eit breiare samarbeid løfta kunst som eit kraftfelt. Synergieffektar av dette arbeidet kan få profesjonelle kunstnarar til å busetja seg og arbeida i Alver. Alle, både amatørar, ulike lag og organisasjonar og næringsliv vil dra vekslar på samarbeid om kunstprosjekt.

Alver Kulturråd støttar tiltak som er nemnde i høve gatekunstprosjekt og utsmykking med offentlege bygg og med næringslivet. Etablering av fast del til kunst ved investeringar for å kunne dra god nytte av kunstperspektiva tidleg i utforminga er særskild viktig for å klara å få framdrift i arbeidet.

## **Kulturnæring og profesjonell kultur**

Under punkt 1 Vegval, side 8 heiter det at Alver kommune må auka innsatsen med omsyn til samarbeid mellom næringsliv, reiseliv og

kulturliv. Her ligg ein stor ubrukt ressurs i vårt område. Andre delar av det gamle fylket vårt er mykje flinkare til å sjå på sitt eige kulturliv som ein ressurs for å fremja eigenart, samarbeid og næringsutvikling. På side 9 står det at kultur kan verta ei grunnleggjande drivkraft for samfunnsutviklinga i Alver. Vi må også få eit breiare og meir differensiert tilbod innan både kultur og idrett.

### **Arrangementskommunen**

Alver kulturråd meiner det er viktig å støtta eksisterande festivalar og igangverande tiltak som Manger-festivalen på same tid som ein utviklar nye. Knarvikmila er viktig som kulturell profilbygging for heile Alver kommune, planen om å utvikla Nynorskdagane i nasjonal samanheng er lovande.

- For å visa fram breidda og allsidigheita innan kultur må Alver kommune som arrangementskommune skipa til ein kulturveke/festival i 2025 i samarbeid med lag og organisasjonar på det frivillige feltet. Dette vil høva godt då kommunen i 2025 er fem år.

### **Kulturarv**

Planen tar for seg immateriell kulturarv, ikkje minst basert på forpliktelsane overfor Unesco-konvensjonen (1972). Dette inkluderer innsamling, dokumentering og formidling av kunnskap om lokal tradisjonskultur og handboren kunnskap, eksempelvis navar-smed-yrket, tørrmuring, båtbygging osv. Det er viktig at immateriell kultur er inkludert i plandokumentet. Planen understrekar det viktige i å ta vare på kulturminne og oppfølging av desse basert på seleksjon, dvs. å ta vare på det som er viktig nasjonalt/regionalt/lokalt og tildela formell vernestatus der dette er påkravd.

- Alver kulturråd ser positivt på at kommunen i 2023 vil vedta ein språkbruksplan.

Å sikra at kulturarven vår vert gjort tilgjengeleg for komande generasjonar vil krevja økonomi og medvit. Ivaretaking av immateriell kulturarv må i mykje større grad bli ei kommunal oppgåve, og kommunen treng eit museum.

- Alver kommune må etablera magasin der gamle ting, sogelaga sine gjenstandar, skriv, foto, lydopptak kan katalogiserast, digitaliserast og oppbevarast på ein lovmessig og tilfredsstillande måte.

Det vil krevja at ein jobbar med "Nordhordland museum" og løftar fram dette tiltaket. Dette er alt for lite nemnt i planen. Det er ikkje sagt noko

konkret om å ivareta og utvikla tilgjengelegheita av museumsgjenstandar, og dette er ei svakheit ved planen.

Planen er positiv når det gjeld at kommunen ønskjer å ta vare på private samlingar, og har ei god vurdering av problema det reiser. Det finst likevel alvorlege problem som planen ikkje nemner, slik som Roparhaugsamlinga.

Svært positivt er det at kommunen vil laga ein plan for arkiv, her er behovet stort. Men det må sjåast i samanheng med spørsmål om magasin og museumsfunksjonar, for dette vil krevja stab og eit lønsbudsjett. Her ligg det i planen at ein strategi må utarbeidast, og denne bør inkludera eit økonomisk element.

- Det er positivt at kommunen framleis vil delfinansiera dei to avdelingane av Museumssenteret. Desse to avdelingane har sine spesielle historier å fortelja, og er dermed av nasjonal interesse, noko kommunen er oppteken av i andre samanhengar, sjå t.d. omtalen av arrangementsprofilen og Nynorskdagane.

Spørsmålet om museum er elles nokså utydeleg og vagt handtert i planen. Ein burde kanskje få ei meir konkret framstilling av korleis dei ulike elementa arkiv, samlingar, magasin og museumsavdelingar kunne samlast i ein plan for å utvikla den regionale "museumsfunksjonen" i samarbeid med Museumssenteret i Hordaland. Det er ikkje realistisk at Alver skal kunna laga sitt eige museum når det finst eit konsolidert museum i same region. Kommunen burde ta eit initiativ til å få Museumssenteret til å utvikla funksjonen som regionmuseum for Nordhordland.

- Stadnamn er ein viktig del av det immaterielle kulturvernet, og er mellom anna omfatta av ei eiga lov. Kommunen manglar eit godt system for forvaltning av stadnamn, og kulturavdelinga må få fleire ressursar til dette feltet.

Planen peikar på behov for kartlegging og tiltak for å halda kommunale kulturhistoriske bygg i hevd. Her er det truleg et stort etterslep som krev snarlege tiltak. Klimaperspektivet er viktig i denne samanhengen, med tanke på gjenbruk.

- Alver kulturråd ser positivt på at planen vektlegg å vareta kulturlandskapet ved å sikra verdiar i dette (vegetasjon, beitemark, verneverdig skog osv.), i samarbeid med landbruket og med vekt på lokal ressursutnytting.

## **Alver kulturskule**

Under Kunnskapsgrunnlaget på side 6 syner ein til ulike kriterium for folks deltaking i kulturlivet. Til dømes nyttar familiar med lågare inntekt i mindre grad tilbodet til kulturskulen. Vi anar ei todeling i samfunnet. Dei som har god råd og høg utdanning, kjøper private tenester t.d. hjå private kulturelle aktørar i Alver. Det vil seia at kulturskulen kanskje må sjå på undervisningsmodellen sin. Det å skapa miljø og fellesskap trekkjer born og unge. Det at ein jobbar med større tverrfaglege prosjekt trekkjer erfaringsmessig mange unge. I idretten er mange samla til aktivitetar. Det gjev nye venner og auka samkjensle i ungdomsgruppa.

Vi treng ein kulturskule som satsar på opplæring i vokal folkesongtradisjon frå vårt område samt opplæring i felespel og toradartradisjon. (Jf. kva dei har fått til i Osterøy.) Dette punktet gjeld også side 30 i planen, der tradisjonskultur skal vera ein naturleg del av undervisningstilbodet (nest siste avsnitt). Dette må også inn under Barnekulturen, side 36. Den immaterielle kulturarven må prioriterast i møte med små born og songaktivitetar.

### **Alver bibliotek**

Avsnittet om bibliotek legg vekt på den funksjonen biblioteka har i demokratibygging, sosial deltaking og inkludering, og i kunnskapsutvikling på tvers av generasjonar. Dette er heimla i nasjonale føringar, men Alver kulturråd set pris på at planteksten viser eit konkret og tydeleg ambisjonsnivå. Det er såleis viktig at alle dei fire noverande biblioteka skal haldast ved like og bokbusstilbodet vidareførast.

- Kulturrådet legg merke til at planen òg er tydeleg på at biblioteket skal vera ein del av det planlagde regionale kulturhuset i Knarvik, og støttar dette.

### **Ungdom og barnekultur**

Alver kulturråd støttar planen når den vil ha fokus på rullering av strategidokument for Den kulturelle høvesvis skulesekken, spaserstokken og beremeisa. Dette er eit godt arbeid som er i gang og som lyt fortsetja. Ein lyt og kartleggja og vurdera direktekommune for DKS for å få kontinuitet i utvikling av kunstprofesjonalitet.

Det bør etablerast lokal kulturell beremeis for Alver. Dette er eit tilbod som ein har svært god erfaring med i andre kommunar, som t.d. Bergen. Eit systematisk og rettferdig kulturtilbod for dei yngste borna i kommunen er etterlengta. No er det veldig tilfeldig kva tilbod som kjem og om det er finansieringsmulegheiter til å kunne ha eigne oppdrag. Dette er trist, då ein elles lyt dra til Bergen for å få oppleva kulturtilbod for dei yngste.

Når det gjeld ungdom og barnekultur, er FN sin barnekonvensjon ratifisert og gjev born 0–18 år ein spesiell juridisk status. § 3 skriv at vaksne har

ansvar for å gjera det som er til beste for born. Born har rett til å ha sin identitet og seia si meining og bli høyrte. Ytringsfridom for born er eit viktig arbeid, og kulturaktivitetar og opplevingar vil bidra til å gje born og unge kunnskap og dugleik om dette. FN sine berekraftsmål er òg viktige for born og ungdom. Fattigdom og forskjellar er aukande i Noreg i dag. Det er difor svært viktig å ha eit kulturtilbod som inkluderer alle born og unge i Alver kommune.

- Alver kulturråd støttar planen sine aktivitetsområde og tiltak (s. 14).

### **Kultur når me vert fleire seniorar og eldre**

Kulturlivet i Alver har fleire lag og organisasjonar som kan spela ei viktig rolle i utviklinga av kulturtilbod for eldre. Av medlemslaga i Alver kulturråd peikar vi særleg på Senioruniversitetet i Nordhordland, som har tyngdepunktet sitt i Alver.

Planen peikar på stor misnøye med kulturtilbodet i Alver, dette kan dels knytast til mobilitetsproblem. Planen peikar på at seniorane er ei gruppe med store ressursar, men òg med behov for tilrettelagde tilbod. Alver er ein geografisk stor kommune, og det er viktig at kulturtilbodet for seniorane vert spreidde rundt i kommunen og ikkje einsidig sentraliserte til Knarvik, Manger og Frekhaug.

Det er verdfullt at kommunen vil bidra med auka finansiering til Den kulturelle spaserstokken, og at planen har fanga opp nyare kulturuttrykk som demenskor. Aktiv deltaking i song har vist seg å gje svært gode resultat for ei gruppe menneske som ofte har det tungt i kvardagen og har lite aktivitetstilbod. Eigenaktivitet er viktig for denne gruppa.

Alver kulturråd registrerer at det no skal leggjast til rette for start av Alver Demenskor frå hausten 2023. Aktiv deltaking i song har vist seg å gje svært gode resultat for ei gruppe menneske som ofte har det tungt i kvardagen og har lite aktivitetstilbod.

### **Inkludering og mangfald**

Alver kulturråd støttar opp under synspunkta i planen når det gjeld inkludering og mangfald.

### **Livssyn**

Livssynsfridom er viktig, og til dette er det naturleg med tenlege lokale til slike føremål. Vi treng å ha tenlege lokale for seremoniar som ikkje er knytte til kyrkja. Namnedagar, konfirmasjon, vigsel og gravferd er i dag heilt vanleg at mange ikkje ynskjer å ha i kyrkja dersom ein ikkje er medlem der. Det òg viktig for andre multikulturelle og andre religiøse aktivitetar å kunna ha tenlege lokale.



I planen er det lagt opp til at Meieriet Frekhaug skal vera ein slik seremonistad. Dette lokalet er for lite til å dekkja alle slike behov. Eit regionalt kulturhus vil derimot vera eit verdig møtelokale for slike arrangement.

### **Frivilligheit**

Alver kulturråd meiner frivilligheita er drivkrafta i lokalsamfunnet.

Kulturrådet står opp om at frivilligsentralane skal styrkjast overfor publikum, brukarar og samarbeidspartnarar med felles profilering, som likevel tek vare på den lokale dimensjonen til kvar sentral.

Frivilligsentralane våre skal vera den fremste fagressursen for frivilligheit, og skal koordinere behov og mogelegheiter i samarbeid med koordinatorfunksjonar i ulike kommunale tenester.

### **Klima og miljø**

Det er positivt at planen tek høgde for at ein skal sikra ei grønnare anleggsutvikling der anlegg for idrett og friluftsliv ikkje skadar ytre miljø og natur og at klimautsleppa vert minimert. Det er viktig at ein skal ta vare på anlegga våre og sikra eit godt vedlikehaldsnivå.

31 mars 2023

For Alver kulturråd

Ivar Hopland

leiar

